POLITIET

Trusselvurdering 2026-2027

Vest politidistrikt

Open November 2026

Innhald

Innleiing 3

Del 1 - Bakgrunn og formål 5

1.1. Kva kriminalitet truar samfunnet? 6

1.2. Kva påverkar kriminaliteten i Vest politidistrikt? 6

Del 2 - Kriminaliteten i året som har gått 9

2.1 Kva kriminalitet vert meldt? 10

Del 3 – Kriminalitet som truar samfunnet i året som kjem 11

3.1 Organisert kriminalitet 12

3.2 Ungdomskriminalitet 15

3.3 Økonomisk kriminalitet 18

3.4 Miljøkriminalitet 22

3.5 Truslar og vald 23

3.6 Seksuallovbrot 24

3.7 Radikalisering 27

Innleiing



Vest politidistrikt si lokale trusselvurdering skildrar dei viktigaste utfordringane innan kriminalitet og tryggleik vi trur vil påverke Vestland i åra 2026 og 2027. Vurderinga byggjer på politiet si etterretning, erfaringar frå straffesaker og kunnskap frå samarbeid med offentlege og private aktørar.

Samfunnet endrar seg raskt. Teknologi skaper nye moglegheiter, men òg nye sårbarheiter. Kriminalitet som tidlegare var lokal, er i dag ofte knytt til internasjonale nettverk. Ungdom blir rekruttert gjennom dei same digitale plattformene dei brukar i kvardagen, og svindel kan gjennomførast mot tusenvis av menneske frå andre sida av verda.

Samtidig minner vurderinga oss om at kriminalitet ikkje berre handlar om teknologi. Bak tala finn vi menneske som blir utsette for vald, overgrep, svindel og utnytting. Vi ser særleg med uro på utviklinga innan organisert kriminalitet, digital svindel og rekruttering av sårbare unge.

Ei trygg samfunnsutvikling krev innsats frå mange. Politiet har eit viktig ansvar, men den viktigaste førebygginga skjer i heimane, på skulane, i arbeidslivet og gjennom samarbeidet mellom offentlege, private og frivillige aktørar.

Eg håpar denne trusselvurderinga bidreg til kunnskap, refleksjon og eit endå sterkare samarbeid om tryggleiken i Vestland.

Ane Kvaal
politimeister

Del 1

Bakgrunn og formål



1.1. Kva kriminalitet truar samfunnet?

Vest politidistrikt si trusselvurdering tek føre seg kriminalitet som blir vurdert å true samfunnet. Truslane som er omtalt i del tre av rapporten truar anten den allmenne tryggleiken, helsa til innbyggjarane, eller økonomiske verdiar tilhøyrande innbyggjarar, næringsliv eller fellesskapet.

1.2. Kva påverkar kriminaliteten i Vest politidistrikt?

Omfanget av kriminalitet er ujamt fordelt både med omsyn til geografiske område i politidistriktet og med omsyn til ulike grupper av befolkninga. I tillegg varierer det over tid. Variasjonane kan på den eine sida forklarast av forhold som påverkar intensjonen til aktørane om å gjere kriminelle handlingar, og på den andre sida handlingsrommet for å gjere slike handlingar. I botn ligg menneskelege eigenskapar som vert meir eller mindre aktivert i samspel med sosiale, geografiske, økonomiske og politiske forhold. I denne delen skildrar vi eit utval av desse.

1.2.1. Geografiske forhold i Vest politidistrikt

Kriminalitetsbiletet i Vest politidistrikt blir påverka av dei store geografiske variasjonane i distriktet. Bergen og omegn utgjer Noregs nest største storbyregion og har utfordringar som er typiske for større byområde. Høg aktivitet, tett busetnad og store verdiar gir fleire moglegheiter for kriminalitet. Område med levekårsutfordringar kan òg auke risikoen for utanforskap og kriminalitet.

I andre delar av distriktet er både innbyggjartettleiken og den sosioøkonomiske ulikskapen mindre[1], medan lokalsamfunna gjerne er

[1] SSB tabell 09114

meir gjennomsiktige. Det kan verke førebyggjande. Samstundes ser vi at kriminalitetstypar som ofte blir knytte til storbyar, til dømes organisert narkotikaverksemd, òg finst i distrikta. Grisgrendte område med større avstandar og mindre politinærvær kan på si side gi handlingsrom for kriminell aktivitet. Eit døme på dette er innførsel av narkotika sjøvegen. Digitaliseringa gjer dessutan at både gjerningspersonar og offer kan vere geografisk langt frå kvarandre.

1.2.2. Teknologiske endringar

Kriminalitetsbiletet dei siste åra er særleg påverka av utviklinga innan tre typar teknologi: kunstig intelligens, kryptovaluta og krypterte kommunikasjonsplattformer.

Kunstig intelligens har på få år blitt allment tilgjengeleg. Politiet vert no jamleg kjent med kriminelle handlingar som involverer bruk av fiktive bilete, film og lyd produsert ved hjelp av slike verktøy. Mest omfattande er nok bruken innan svindel over telefon, sms og e-post, samt ulike typar seksuallovbrot.

Krypterte meldingstenester gjer det enklare å planleggje og gjennomføre kriminalitet utan innsyn frå politiet, eller anonymt i opne grupper. Annonsering av betalte valds-oppdrag (violence as a service) i slike kanalar har fått mest merksemd i media. Langt meir omfattande er likevel omsetjinga av narkotika, òg i kommunikasjonskanalar som dei fleste unge nyttar dagleg.

Tilsvarande har bruk av kryptovaluta gjort økonomiske transaksjonar vanskelegare å spore. Utbytte frå ulik kriminell verksemd er difor enklare å flytte, til dømes til bakmenn i utlandet, for kvitvasking.

Utover desse teknologiske endringane ser vi òg at algoritmane i sosiale medier kan bidra til å påverke personar negativt i radikaliseringsprosessar eller eskalere seksuell interesse for mindreårige.

1.2.3. Geopolitisk rivalisering

Noreg er i ein meir alvorleg og uforutsigbar tryggleikspolitisk situasjon enn tidlegare, med krig i Europa og auka stormaktsrivalisering. Noreg si rolle som NATO-medlem, leiande energileverandør og vår strategiske plassering gjer Noreg interessant for framande statar. PST og Etterretningstenesta skildrar eit skjerpa trusselbilde, der framande statar kan nytte seg av kriminelle nettverk som stedfortredarar, og at russisk etterretning kan sjå seg tent med å gjennomføre sabotasje i Noreg i 2026. Dette fører til ustabilitet som påverkar kriminalitetsbildet også i Noreg.



Kva er ein proxy-aktør?

Etterretnings og sikkerhetstenestene (EOS) i Norge definerer proxyaktørar som personar eller organisasjonar utan formell tilknyting til etterretnings- og tryggingstenester eller andre myndigheitsorgan, som vitande eller uvitande utfører aktivitet på oppdrag frå eller til støtte for myndigheiter. Aktiviteten kan ha politisk, ideologisk eller økonomisk motiv. EOS-tenestene gjer merksam på at proxyaktørar blir brukt aktivt i både klassisk spionasje, sabotasje, attentat og informasjonskrigføring retta mot vesten.

I ei tid der framande statar tek i bruk ulike verkemiddel i og mot Noreg for å undergrave vår motstandsevne, er førebygging, etterretning og situasjonsforståing viktig. Det skjerpar behovet for å verne kritisk infrastruktur og kritiske samfunnsfunksjonar, der politiet har ei viktig rolle i samfunnet si handtering og beredskap. Politiet vil ofte vere første instans som oppdagar og handterer hendingar som avvik frå normaltilstanden, og som potensielt kan vere ein del av verkemiddelbruken til statlege aktørar.

Sjå nasjonale trusselvurderingar frå PST og Etterretningstenesta for nærare skildring av trusselbiletet.

Del 2

Kriminaliteten i året som har gått

	2021	2022	2023	2024	2025	Endring 2024-25	Endring % 2024-25
Økonomi	1904	2575	2703	3122	3609	487	16 %
Vinning	7302	8701	10445	10479	9782	-697	-7 %
Vald	2614	2781	2988	3027	2914	-113	-4 %
Seksuallovbrot	937	920	740	747	726	-21	-3 %
Narkotika	1748	1547	1535	1742	1521	-221	-13 %
Skadeverk	1315	1541	1655	1677	1805	128	8 %
Miljø	398	444	309	313	324	11	4 %
Arbeidsmiljø	88	88	97	100	91	-9	-9 %
Trafikk	4842	4702	4893	4801	5156	355	7 %
Anna	3418	3530	3367	3338	3859	521	16 %
Undersøkelsessaker	1087	1066	991	974	1343	369	38 %
Total	**25653**	**27895**	**29723**	**30320**	**31130**	**810**	**3 %**

Tabellen og detaljer i straffesaksutviklinga er tilgjengeleg i denne rapporten: *Omtale av resultat 2025. Vest politidistrikt*. 3. mars 2026. Dokumenter, strategier og høringer - Politiet.no

2.1 Kva kriminalitet vert meldt?

Vest politidistrikt har årleg om lag 30 000 straffesaker. Sakene blir meld av innbyggjarar eller organisasjonar som har observert eller blitt utsett for kriminalitet, av offentlege tilsyn og etatar med ulike ansvarsområde, og av politiet sjølv.

I eit fåtal tilfelle vurderer politiet at melde forhold ikkje kan reknast som lovbrot. Samstundes er det ei kjensgjerning at mykje kriminalitet aldri blir registrert hos politiet, anten fordi dei som kjenner til eller mistenkjer kriminaliteten, vel å ikkje melde frå, eller fordi ingen andre enn gjerningspersonane er klar over at handlingane finn stad. Politiets innsats påverkast også av kor sannsynleg det er at kriminalitet blir avdekt. Innan trafikk- og narkotikalovbrot er til dømes dei fleste sakene avdekt gjennom kontrollar og tiltak frå politiet eller Tolletaten. Variasjonar i saksmengda er i stor grad påverka av prioriteringane til etatane frå år til år.

Sjølvrapporteringsundersøkinga *Trygghetsundersøkelsen*, gjennomført av NOVA, gir eit inntrykk av kor store mørketala er. Undersøkinga viser at 35 prosent av dei spurte frå Vestland har vore utsette for ei form for kriminalitet i løpet av 2024. Til samanlikning utgjer dei fornærma i politiet sine straffesaker om lag to prosent av innbyggjarane i fylket.

2.1.1 Færre tjuveri, fleire bedrageri

Dei største kategoriane straffesaker er trafikklovbrot, vinningslovbrot og samleposten "andre lovbrot" der "omsynslaus åtferd", brot på besøksforbod, brot på våpenlova og lov om hundehald er område med flest saker.

Sett under eitt endrar saksmengda seg relativt lite frå år til år. Den største endringa dei siste åra handlar om den kraftige auken av økonomisk kriminalitet, der ulike typar bedrageri av privatpersonar utgjer største-parten av sakene. Denne auken heldt òg fram i 2025.

Vinningslovbrot har òg auka dei siste fem åra, men i 2025 gjekk talet på melde saker i denne sakskategorien ned. Dette skuldast hovudsakleg færre butikktjuveri og sykkeltjuveri.

Innan valdslovbrot fall saksmengda noko i 2025. Det var likevel ei auke av partnarvaldssaker.

Overordna var saksmengda stabil innanfor seksuallovbrot. Medan det var nedgang i tal for seksuelle overgrep mot barn, auka talet på valdtekter av vaksne fornærma tilsvarande.

Del 3

Kriminalitet som truar samfunnet i året som kjem



Foto: Pixabay

3.1 Organisert kriminalitet

Profittmotiverte kriminelle nettverk består av personar som samarbeider om å tene pengar på kriminalitet. Her fokuserer vi på narkotikaomsetjing, men i prinsippet kan slike nettverk òg drive andre former for kriminalitet. Dei siste åra har saker frå Vest politidistrikt òg vist at aktørar hovudsakleg kjent for narkotikakriminalitet, mellom anna har og drive telefonbedrageri. I tillegg omfattar nettverka gjerne aktørar i legale verksemder som bidreg til kvitvasking av profitt.

Vest politidistrikt er kjend med at nettverk av ulik størrelse, kompleksitet og profesjonalitet opererer i distriktet. Dei mest profesjonelle nettverka er hierarkisk organisert med leiarar i utlandet og distribusjon- og salsledd i Vest politidistrikt. Sidan det stadig kan rekrutterast nye personar til dei lokale funksjonane i nettverka, er slike nettverk svært motstandsdyktige.

Ved sida av desse finst det ei rekkje nettverk som opererer lokalt eller nasjonalt og byggjer på eksisterande sosiale relasjonar, familieband eller felles bakgrunn.

3.1.1 Meir våpen i kriminelle miljø

Konfliktar mellom aktørar i rus- og kriminelle miljø oppstår jamleg som følgje av rivalisering, konkurranse om marknader eller økonomiske tvistar mellom personar involverte i same verdikjede. Politiet si erfaring dei siste åra er likevel at det har vore få tilfelle av alvorleg vald mellom etablerte eller konkurrerande kriminelle nettverk i Vest politidistrikt. Dei valds- og trusselhendingane politiet har registrert har i større grad funne stad i brukarsegmentet av narkotikamarknaden. Samstundes er politiet kjent med aktørar og miljø som styrkar sin posisjon i aktuelle miljø gjennom å vise at dei har tilgang på skytevåpen.

3.1.2 Valdsoppdrag vert annonsert i digitale plattformer

Handel med kriminelle tenester, ofte omtalt som *Crime as a Service* og *Violence as a Service*, har fått auka merksemd dei seinare åra. Nasjonalt og internasjonalt blir slike valdsoppdrag ofte organiserte gjennom fleire ledd. Oppdragsgivarar med tilknyting til kriminelle nettverk nyttar andre til å rekruttere og å leggje til rette for personar som er villige til å utføre valdshandlingar (sjå figur på side 15).

Vest politidistrikt har ved fleire høve registrert valdsoppdrag retta mot personar busett i distriktet. Nokre av desse sakene følgjer det etablerte mønsteret, der fleire aktørar har hatt ulike roller i planlegging, rekruttering og gjennomføring.

Samstundes har politiet observert tilfelle der framgangsmåten ser ut til å vere inspirert av denne modellen utan at det ligg eit etablert kriminelt nettverk bak. Kanskje òg utan at vedkommande har ein reell intensjon om at oppdraget skal utførast. Slik kan fenomenet nyttast til å skape frykt gjennom å tiltrekke seg merksemd, og gjere truslar meir truverdige.

Valdsoppdraga i Vest politidistrikt har tilsynelatande hatt ulike motiv, frå sjalusi og hemnbehov til opparbeiding av fryktkapital. Det er identifisert annonsørar i spennet frå mindreårige til godt vaksne.

3.1.3 Narkotika vert seld på digitale plattformer og betalt for med kryptovaluta

Omsetjing av narkotika skjer i aukande grad på krypterte digitale plattformer. Politiet vert stadig gjort kjent med einskildaktørar og grupper, mellom anna på Telegram, Signal og Snapchat, som annonserer sal av narkotika i politidistriktet. Algoritmar på plattformene gjer at nyoppretta grupper raskt vert kjent for medlemmer i andre tilsvarande grupper.

Rusmiddel-trendar

KORUS Bergen (Kompetansesenter for rusfeltet) utarbeider årleg to trendrapportar om ulike rusmidlar. Kartleggingane dei siste åra peikar særleg på auke i bruk, interesse og tilgjengelegheit av kokain. Auken har hovudsakleg vore driven av sniffing av kokain i pulverform, gjerne i samband av fest og uteliv. Sidan 2024 ser ein samtidig at røyking av såkalla crack-kokain har auka. Denne bruksforma er meir typisk for personar i etablerte rusmiljø, der bruk av fleire ulike rusmidlar er meir vanleg. Ein annan tydeleg trend dei siste åra har vore bruk av ketamin. Også dette nyttast mest i etablerte rusmiljø[2].

Omfattande annonsering på Snapchat vekkjer særleg bekymring sidan denne plattforma er mykje brukt blant mindreårige.

Etterforsking har vist at bakmenn i utlandet administrerer både dei digitale salskanalane, og apparatet av lokale aktørar, som krevst for å handtere transport, oppbevaring og sal av narkotika.

Kryptovaluta er blitt sentralt for å handtere pengestraumane, både som profitt frå seljarane tilbake til bakmennene, og som lønn frå bakmennene til andre aktørar i nettverket. Ein indikasjon på nytteverdien av kryptovaluta for aktørar innanfor narkotikaomsetjing er at narkotikakjøparar har fått prisavslag når dei betalar med kryptovaluta.

Rekruttering av mindreårige til voldsoppdrag

Rekruttering av mindreårige til voldsoppdrag skjer på ulike måter, men rekrutteringen følger en struktur der de involverte har ulike roller.

BESTILLER

Initierer og finansierer voldsoppdraget. Er en del av etablerte kriminelle nettverk og oppholder seg ofte i utlandet.

REKRUTTERER

Fungerer som bindeledd. Annonserer voldsoppdrag i grupper eller kanaler for å rekruttere utøvere.

TILRETTELEGGER

Muliggjør gjennomføringen. Anskaffer våpen, transport og oppholdssteder. Kan være flere til et oppdrag.

UTØVER

Gjennomfører voldsoppdraget. Er oftest unge og uten tilknytning til det kriminelle nettverket. Kjenner hverken offeret eller området der oppdraget utføres.

Mindreårige rekrutteres til voldsoppdrag gjennom digitale plattformer

Kriminelle nettverk legger ut innhold på sosiale medier som Instagram, TikTok og Snapchat rettet mot mindreårige. Nettverkene reklamerer og starter rekrutteringen for voldsoppdrag her. Algoritmer bidrar til at innholdet blir spredt i stort omfang. Rekruttererne bruker memes og spillterminologi for å ufarliggjøre grov vold.

STEG 1



Rekruttererne får med mindreårige over på apper med høyere sikkerhet hvor de kommuniserer i grupper. Der legger rekruttererne ut annonser med en overordnet beskrivelse av voldsoppdrag. Oppdragene legges ut flere steder for å få tak i potensielle utøvere.

STEG 2



For å planlegge og koordinere voldsoppdraget økes sikkerheten ytterligere ved bruk av ende-til-ende-krypterte apper som Signal. Der deles informasjon om oppdraget direkte med utøveren.

STEG 3



Figur 1: Rekruttering til valdsoppdrag. Figur henta frå Politiets trusselvurdering 2026.

3.1.4 Vestlandskysten er transitt-destinasjon for narkotika til den europeiske marknaden

Den norske og europeiske marknaden for narkotika vert hovudsakleg forsynt frå produksjon i andre delar av verda. Europeiske hamner har lenge vore sentrale for narkotikainnførsel, og EU har dei siste åra styrka kontrollverksemda i dei største hamnene. Europol åtvara mot at det kan dreie innførselen av narkotika mot hamner der myndigheitene i mindre grad driv kontroll.

I Vest politidistrikt er det fleire hamner som tek imot skip som kjem frå land kjent for narkotikautførsel. Nokon av skipa kjem til hamnar i mindre sentrale område av politidistriktet der kontrollverksemda til Tolletaten og politi er lågare. Problemstillinga blei aktualisert i Vest politidistrikt i 2023 då fleire utlendingar blei pågripne på Husnes i Kvinnherad då dei henta kokain frå eit lasteskip som kom frå Brasil. Beslaget på 150 kilo kokain er blant dei største gjort i Noreg, og ei hypotese i etterforskinga var at det heilt eller delvis var tiltenkt den europeiske marknaden. Det er ikkje gjort større narkotikabeslag frå lasteskip dei siste par åra, men politi og Tolletaten har informasjon som indikerer at slik innførsel framleis finn stad.

Mindreårige gjernings-personar

I alt blei om lag 1000 mindreårige identifisert som gjerningspersonar i straffesaker i Vest politidistrikt i 2025. Det utgjer om lag ein prosent av dei mindreårige busett i distriktet.

3.2 Ungdoms-kriminalitet

Mindreårige gjerningspersonar er representerte innan dei fleste kriminalitetstypar. Flest saker gjeld truslar, vald og mindre butikktjuveri. Det er òg mange saker knytt til trafikklovbrot, skadeverk, seksuallovbrot og oppbevaring av mindre mengder narkotika. Trafikksakene handlar hovudsakleg om køyring utan gyldig førarkort eller i for høg fart. Dei fleste seksuallovbrotsakene gjeld fysiske overgrep mellom jamaldrande eller nær jamaldrande personar. Det siste året har det òg vore auke i saker som gjeld oppbevaring eller deling av seksualiserte eller krenkjande bilde og filmar.

Samla sett var både saksmengda og talet på gjerningspersonar noko lågare i 2025 enn i tidlegare år, hovudsakleg på grunn av færre tjuverisaker.
Omfanget av lovbrot er størst i dei sentrale områda i og rundt Bergen. Når ein tek omsyn til innbyggjartalet, er det derimot ikkje noko tydeleg mønster som viser at førekomsten av unge lovbrytarar heng saman med graden av sentralitet i kommunane. Innanfor den enkelte kommune er det likevel ein tendens til at valdskriminalitet skjer i sentrumsområde, på kjøpesenter og ved kollektivknutepunkt.

3.2.1 Vald avlar vald i kriminelle ungdomsmiljø

Ei kartlegging av over 100 saker som omhandlar truslar og vald med mindreårige gjerningspersonar, viser at gjerningspersonen i om lag halvparten av tilfella har vore involvert i liknande kriminalitet tidlegare. Kartleggingа peikar òg på at dei involverte partane som regel har hatt ein relasjon eller konflikt over tid. Valdshendingane har ofte bakgrunn i tidlegare truslar eller valdsepisodar som utløyser hemnaksjonar. I slike saker er det

[2] Føre Var nr. 1- 2026. KORUS Bergen

vanleg at begge partar er kjende for politiet for valdssaker eller andre lovbrot. Nokre av hendingane blir filma og delt i digitale kanalar, noko som kan tyde på at motivasjonen delvis er å audmjuke den fornærma.

Undersøkinga viste vidare at om lag 20 prosent av valdstilfella skjer som del av mobbing eller trakassering over tid. I desse sakene er gjerningspersonane ofte gjengangarar, medan dei fornærma i langt mindre grad er registrerte for tidlegare lovbrot.

Ein like stor del av sakene gjeld meir spontane valdsepisodar mellom personar som har liten eller ingen kjennskap til kvarandre. Her er det òg vanleg at gjerningspersonen har historikk med liknande forhold, medan dei fornærma sjeldan er kjende for kriminalitet. Desse hendingane omfattar mellom anna festrelatert vald der gjerningspersonen ofte er rusa, men òg ei rekkje andre situasjonar der konfliktar oppstår spontant. Berre eit fåtal av tilfella kan karakteriserast som såkalla «blind vald», der det ikkje ser ut til å liggje føre nokon tidlegare relasjon eller konflikt, og der den fornærma i praksis har vore på feil stad til feil tid.

I eit mindre tal saker er valden retta mot personar på jobb, som lærarar, tilsette i butikk og politi. Eit fåtal av tilfella gjeld vald mot familiemedlemmar eller kjærast.

For nokre år sidan byrja omfanget av ungdomsran å auke kraftig i Bergen og nokre andre kommunar i politidistriktet. Det siste året er politiet kjent med langt færre ran. Det er likevel ei kjensgjerning at ikkje alle ran vert gjort kjend for politiet. I nokre tilfelle fordi dei fornærma let vere å melde i frykt for gjerningspersonane.

I andre tilfelle fordi melding til politiet vil kunne avsløre at dei fornærma sjølv driv kriminalitet.

RÅD

Ungdommar som er i konflikt med kvarandre kan få rådgjeving eller mekling hos Konfliktrådet.

Når ungdom gjer straffbare handlingar er dei ikkje alltid klar over at det dei gjer er straffbart. Truslar, altså verbale eller digitale ytringar som viser intensjon om vald, er døme på ei slik handling. Å be mindreårige om seksualiserte bilete, sjølv om ein er mindreårig sjølv, er eit anna.

3.2.2 Mindreårige jobbar i narkotikaøkonomien

Politiet identifiserer jamleg mindreårige som sel narkotika til jamaldrande, enten i eige nærmiljø eller gjennom digitale plattformer som Snapchat. I fleire tilfelle kan dei unge seljarane knytast til eldre aktørar eller etablerte kriminelle miljø. Rekruttering til slik kriminalitet skjer òg gjennom digitale kanalar dei fleste ungdomar nyttar dagleg. Mange av dei som blir rekrutterte har kjende sårbarheiter, og ungdom som bur på barnevernsinstitusjon er særleg overrepresentert.

Mindreårige blir ikkje berre nytta til sal av narkotika, men òg til andre oppgåver i den kriminelle økonomien. Politiet er mellom anna kjent med reiseaktivitet innanlands og til utlandet som kan indikere transport av narkotika eller utbyte frå kriminalitet. Ei anna rolle

er å fungere som såkalla «pengemuldyr», der ein person medverkar til å overføre pengar på vegner av andre for å skjule identiteten til bakmenn eller bidra til kvitvasking. Dette inneber gjerne at personen mottek ein pengesum, sender størstedelen vidare til ein tredjepart og får behalde ein mindre del som betaling. Det er avdekt fleire forsøk på å rekruttere mindreårige til slike oppdrag gjennom digitale plattformer. Ungdom som tek på seg slike oppgåver, er ikkje nødvendigvis klar over at pengane dei handterer stammar frå kriminell verksemd, eller at dei sjølve medverkar til lovbrot.

Ved sidan av mindreårige knytt til eldre kriminelle kan det vere tilsvarande hierarki internt i miljø av mindreårige kriminelle. Mindreårige rekrutterer då i sin tur andre mindreårige til narkotikasal. I slike miljø er det også kjent at jenter byter seksuelle tenester mot narkotika.



Kva er eit pengemuldyr?

Eit pengemuldyr er ein person som overfører pengar på vegner av andre mot betaling. Formålet er ofte å skjule opphavet til pengane eller identiteten til personane bak transaksjonane. Slike handlingar kan vere del av kvitvasking eller annan kriminell verksemd, og er straffbare etter lova.

RÅD

Innsyn i barnas kontoaktivitet kan gjere foreldre kjent med bekymringsverdige forhold som rusbruk, kjøp og sal av seksualisert materiale, eller utpressing. Politiet oppfordrar til å vere merksam på transaksjonar til eller frå barnas bankkontoar der motparten er ukjend.

Når ungdom står i situasjonar som kjennes umoglege å komme seg ut av skuldast det ofte at dei har gjort noko dei angrar på eller skammar seg over. Foreldre som tryggjar og støttar er då dei viktigaste støttespelarane. Politiet kan gi råd når ungdom har utført eller blitt utsett for kriminalitet. Ta kontakt med din lokale politistasjon eller Politiets nettpatrulje Vest på Facebook eller Instagram.

3.2.3 Tilløp til danning av ungdomsgjengar

I periodar av det siste året har Vest politidistrikt observert grupper av mindreårige som har teke i bruk "gjengnamn" ved omtale av seg sjølv, mellom anna i sosiale media. Dette er kjent frå Oslo og det sentrale austlandsområdet, men har til no vore fråverande i Vest politidistrikt.

Ei gruppe opparbeida seg på kort tid betydeleg fryktkapital både blant mindreårige og føresette i sitt lokalmiljø, ved å drive "merkevarebygging" parallelt med å utøve ei rekke valdstilfelle. Det blei òg fremma truslar der partane refererte til grupper, snarare enn personar. Etter ei tid blei det mindre informasjon om slike grupper, noko som gjerne indikerer at konstellasjonane nok er flyktige og svakt organisert.

Påverknad

Ved juletider i 2025 mottok Vest politidistrikt informasjon om at ein svensk statsborgar, tilsett ved ein barnevernsinstitusjon i distriktet, skal ha trua ein mindreårig bebuar som skulda han pengar. Etter etterforsking blei mannen sikta for truslar og brot på narkotikalovgivinga. I Sverige var han tidlegare tiltalt for både narkotikalovbrot og valdshendingar. I Norge og den norske politiattesten som blei lagd fram ved tilsetjing avdekte derfor ikkje hans bakgrunn.

At kriminelle nettverk forsøker å påverke eller rekruttere mindreårige på barnevernsinstitusjonar, er eit kjent fenomen. Det aktuelle tilfellet skil seg likevel ut ved at den mistenkte var tilsett ved institusjonen. Politiet kjenner til få tilsvarande saker i Noreg.

3.3 Økonomisk kriminalitet

Økonomisk kriminalitet omfattar ulike typar lovbrot som har felles at dei er motivert av økonomisk vinning. Kriminaliteten har stor spennvidde, både med omsyn til kompleksitet og økonomisk gevinst. Frå einskildpersonar som svindlar for småbeløp på salsplattformer som Finn eller Tise, til verksemder som unndreg skatt, kvitvaskar eller driv storstilt arbeidslivskriminalitet med millionbeløp som gevinst.

I tillegg til dei fornærma sine økonomiske tap, fører slik kriminalitet til konkurransevriding med moglege konsekvensar for alle aktørar som verkar i marknaden, samt tapte skatteinntekter for staten. Økonomisk kriminalitet, i form av kvitvasking, er òg ein føresetnad for organisert narkotikakriminalitet og menneskehandel.

Saksomfanget innan økonomisk kriminalitet har auka dei siste åra, hovudsakleg innan mindre bedrageri.

3.3.1 Multikriminelle utnyttar offentlege stønads- og velferdsordningar

Norske velferds- og stønadsordningar er rause og i stor grad tillitsbaserte. Urettmessig utnytting av desse er potensielt øydeleggande for vår samfunnsmodell. Politiet samarbeider med NAV, Skatteetaten og Arbeidstilsynet om å motverke kriminalitet i arbeidslivet gjennom det såkalla A-krimsamarbeidet. A-krimsenteret i Vestland har over tid observert aktørar og nettverk som går igjen i ulike typar profittmotivert kriminalitet. Gjennom arbeidsintensive verksemder vert sårbare arbeidstakarar utnytta, i tillegg til skattekriminalitet og målretta svindel av offentlege stønadsordningar. Informasjon indikerer at aktørane nyttar falske dokument og får bistand frå ulike profesjonelle tilretteleggjarar med god kjennskap til sårbarheiter i regelverk og

styresmaktenes praksis. I mange tilfelle har aktørane utanlandsk bakgrunn og oppheld seg mykje i utlandet etter korte opphald i Noreg

.

3.3.2 Verksemder vert lurt til å betale fiktive fakturaer

Fleire verksemder i Vest politidistrikt er den siste tida utsett for forsøk på bedrageri gjennom tilsendte fakturaer med oppmoding om å fornye avtalar dei vert villeia til å tru dei tidlegare har inngått. Til forskjell frå mange tradisjonelle bedrageri blir slike krav ofte sendt frå registrerte verksemder med reell næringsverksemd innan dei aktuelle tenestene. Det kan gjere det vanskelegare for mottakarane å identifisere kravet som misvisande eller urimeleg.

3.3.3. Oppdrettsfisk eksporterast illegalt

Havbruk er blant dei største eksportnæringane til Noreg, og Vest politidistrikt er blant områda med størst aktivitet. Den høge omsetjinga gjer økonomisk kriminalitet potensielt svært lønsamt, og handlingsrommet er stort, ettersom myndigheitenes tilsyn i stor grad baserer seg på rapportering frå verksemdene.

Fisk som blir eksportert til konsum er underlagd strenge kvalitetskrav. Produksjonsfisk, det vil seie fisk med sår, skadar eller misdanningar, kan ikkje omsetjast og eksporterast på same måte som ordinær matfisk. Både politiet og tilsynsmyndigheiter har informasjon som indikerer at slik fisk i enkelte tilfelle blir omsett og eksportert i strid med regelverket. Gjennom journalistisk arbeid har NRK[3] synt korleis dette går føre seg, og at den økonomiske gevinsten kan vere opptil tre gonger høgare enn ved legal omsetjing. Ifølge deira kjelder i næringa har slik omsetjing auka dei siste åra, i takt med at mengda produksjonsfisk har auka. Eitt av føretaka omtalt i NRK sin artikkelserie var lokalisert i Bergen og er under etterforsking i Vest politidistrikt.

Sentrale roller

I august 2026 offentleggjorde A-krimsenteret i Sør-Øst politidistrikt funn frå ei kartlegging av private barnevernsinstitusjonar. Kartlegginga syner at personar med kriminell bakgrunn har sentrale roller i drift av fleire barnevernsføretak.

Hovudpoenget til A-krimsenteret er at dette utgjer ein risiko for økonomisk kriminalitet i denne offentleg finansierte tenesta. Dei peikar på sårbarheita som ligg i at aktørar med slik bakgrunn har omsorgsansvar for nokre av landets mest sårbare mindreårige, samt at desse har ansvaret for kontroll av politiattest av sine tilsette.

Vest politidistrikt understrekar at det ikkje har vore grunn til mistanke om tilsvarande forhold ved barnevernsinstitusjonen i saken skildra i boksen «Påverknad» s. 18.

RÅD

Du kan lese meir om fiskeri og havbrukskriminalitet på nettsidene til Nasjonalt tverretatlig analyse og etterretningssenter (NTAES).

[3] Lakseeksportør forfalsket etiketter, sendte fisk med sår og skader ulovlig ut av landet – Dokumentar

NRK avslører: Slik smuglet jeg laks med sår ut av Norge – Dokumentar

3.3.4 Profesjonelle rådgjevarar legg til rette for og skjuler økonomisk kriminalitet

Å drive skatteunndraging, kvitvasking, stønadsbedrageri eller anna økonomisk kriminalitet krev økonomisk innsikt og kjennskap til sårbarheiter i regelverk og praksis. Aktørar som driv slik kriminalitet kan derfor ha nytte av bistand frå profesjonelle tilretteleggjarar eller personar med særleg kompetanse innan økonomi, rekneskap og selskapsdrift. Vest politidistrikt har indikasjonar på at verksemder innan økonomisk rådgjeving hjelper kundar med sofistikert manipulering av rekneskap og uriktig rapportering til offentlege myndigheiter. Eit døme på stønadsbedrageri er når arbeidstakarar blir meldt som permittert og mottek dagpengar, samstundes held dei fram med å arbeide utan at inntekta blir rapportert til styresmaktene.

3.3.5 Innbyggjarar vert svindla på telefon, sms eller e-post

Bedrageri der fornærma vert kontakta på telefon, sms eller e-post har over fleire år auka i omfang. Dei fornærma er i all hovudsak privatpersonar som blir lurt til å gje frå seg person- eller bankopplysningar til gjerningspersonar som gjerne gir seg ut for å representere ei verksemd eller ein offentleg etat dei fornærma har tillit til.

Personar med avgrensa digital kompetanse går igjen som fornærma, men politiet ser òg at målretta og profesjonelt utforma framgangsmåtar rammar personar med høg digital kompetanse. Det ser òg ut til at åtaka tilpassast tidsrom der det er naturleg å bli kontakta frå den aktuelle avsendaren, til dømes at Skatteetaten tek kontakt ved levering av skattemelding, eller at butikkjeder tek kontakt i anledning "Black week".

Internasjonale profesjonelle nettverk står for fleirtalet av bedrageri, men Vest politidistrikt er òg kjend med at lokale aktørar har drive

Stopp, tenk, sjekk!

- Banken vil aldri be deg overføre pengar til ein såkalla «sikker» konto.
- Logg aldri inn med BankID via lenke i SMS.
- Banken og politiet ber deg aldri oppgje BankID-passord, kodar, brukarnamn eller anna innloggingsinformasjon over telefon.
- Ser eit tilbod for godt ut til å vere sant, er det ofte svindel
- Ikkje invester pengar via lenker på e-post, Facebook eller andre sosiale medier.
- Gjer kontoane dine sikrare med totrinnsautentisering under innlogging.
- Har du alt blitt lurt? Meld raskt frå til politiet. Det aukar sjansen for at svindelutbytte kan tas i beslag.
- På Svindel.no finn du meir informasjon om korleis du best sikrar deg mot ulike typar svindel.

med omfattande bedrageriverksemd på telefon. Både i Vest og elles i landet er det avdekka at aktørar kjent for organisert narkotikakriminalitet òg driv denne forma for kriminalitet. I tillegg er det identifisert personar som har fungert som såkalla pengemuldyr i denne næringskjeda. Desse flyttar gevinst frå dei fornærma til gjerningspersonane, gjerne gjennom fleire ledd. Formålet er å gjere pengespora vanskelegare å følgje. I nokre tilfelle vert gevinsten veksla om til kryptovaluta, noko som ytterlegare kan komplisere sporinga.

3.3.6 Innbyggjarar vert svindla til fiktive investeringar

I løpet av 2025 registrerte Vest politidistrikt 118 saker der fornærma vart lurt til å tru dei investerte i kryptovaluta. Tapa utgjer minst 100 millionar kroner for dei fornærma. Så langt i 2026 ser det ut til at nivået vil bli tilsvarande høgt.
I alle saker er det mistanke om at aktørar i utlandet står bak. I tillegg til dei meldte sakene har politiet informasjon om personar som har blitt svindla, men av ulike grunnar ikkje ønsker å melde det til politiet.

Felles for sakene er at dei fornærma har trykka seg inn på annonser om kryptovalutainvestering, anten på ei SoMe-plattform eller andre nettsider. I fleire annonsar er norske kjendisar misbrukt for å legitimere innhaldet. Etter å ha trykka på annonsen vert ein leia til ei nettside der ein legg inn kontaktinformasjon. Gjerningspersonane, som gir seg ut for å vere rådgjevarar, tek kontakt og opparbeider over tid tillit og relasjon til den fornærma. Den digitale plattforma dei fornærma ser er truverdig og profesjonelt utforma. Kryptovaluta vert faktisk handla, men eigarskapet hamnar hos gjerningspersonane og ikkje hos dei fornærma slik det ser ut til på nettsida.

Pilotprosjekt om cyberretta kriminalitet

Frå hausten 2026 skal Vest Politidistrikt delta i eit pilotprosjekt i samarbeid med Kripos med mandat om å undersøke korleis politiet kan justere den samla kapasiteten og kompetansen for å motarbeide cyberretta kriminalitet med mest mogleg effektiv ressursbruk. Delar av arbeidet er alt i gang og har bidrege til at Vest politidistrikt har identifisert og mottatt fleire saker innan cyberretta kriminalitet.

3.3.7 Datainnbrot hos verksemder nyttast til økonomisk vinning

I Vest politidistrikt er informasjonsgrunnlaget om datainnbrot, eller såkalla cyberretta kriminalitet, avgrensa. Dei hendingane politiet er kjent med, saman med nasjonale og internasjonale vurderingar, indikerer likevel at kriminalitetsforma utgjer ein betydeleg risiko for verksemder og offentlege aktørar. Konsekvensane kan omfatte økonomiske tap, sensitiv informasjon blir avslørt og tillit til digitale system blir svekka. Undersøkingar av norske verksemder syner at omfanget av slike åtak er langt større enn det politiet blir kjend med[4].

I datainnbrota Vest politidistrikt er kjent med, er ein fellesnemnar at gjerningspersonane har skaffa seg tilgang til e-post-serverar og påloggingsinformasjon hos private eller offentlege verksemder. Såkalla «phishing», der tilsette blir forsøkt lurt til å gi brukarnamn, passord eller annan autentiserings-

[4] Kripos - Cyberkriminalitet 2026

informasjon, framstår som den mest vanlege innfallsporten. Eit fellestrekk er at dei strekker seg over tid. I einskilde hendingar har gjerningspersonane brukt fleire månadar på å etablere tillit, oppnå tilgang og gjennomføre dei kriminelle handlingane.

Når tilgangen er oppnådd, vert den nytta på ulike måtar. Ei verksemd opplevde at gjerningspersonane lasta ned interne opplysningar og trua med offentleggjering av opplysningane viss ikkje løysepengar blei betalt. Gjerningspersonane sletta òg ei rekke mapper frå filstrukturen til verksemda.

Ein annan variant er å nytte tilgangen til ei verksemd til å ramme andre verksemder - såkalla tredjepartsåtak. Ei verksemd i Vest politidistrikt opplevde at deira e-postkonto blei brukt til å sende ut fiktive fakturaer. Ein kunde betalte fleire millionar kroner til eit kontonummer som seinare blei spora til utlandet. Ein anna verksemd betalte over ein million kroner til ein av sine kjente leverandørar, etter å ha hatt dialog med leverandøren på e-post over fleire månadar. Leverandørens e-post viste seg å vere overteken av kriminelle og betalingane blei overført til eit kontonummer tilhøyrande desse.

3.4 Miljøkriminalitet

Miljøkriminalitet skil seg frå mange andre kriminalitetsformer ved at konsekvensane ofte utviklar seg over lang tid og kan ramme mange menneske. Skadar på naturmiljøet kan få følgjer for økosystem, næringsverksemd og folkehelse, og i mange tilfelle tar samfunnet som heilskap kostnadane.

Miljøkriminalitet prega av låg oppdagingsrisiko samanlikna med mange andre lovbrot. Brota skjer ofte som del av elles lovleg verksemd eller i område der kontroll og tilsyn er avgrensa. Dette gjer kriminalitets-forma særleg utfordrande å avdekkje og handheve.

3.4.1 Masserømming av oppdrettslaks trugar villaksstammane

Villaksen er i dag rekna som ein nær trua art, og fleire forhold påverkar bestandane negativt. Rømt oppdrettslaks utgjer ei særleg utfordring fordi han kan gyte saman med villaks og dermed påverke dei genetiske eigenskapane og den langsiktige reproduksjonsevna til bestandane. Det kan svekkje villaksen si evne til å overleve og tilpasse seg naturlege miljø over tid. Etter ei rømmingshending i Sognefjorden i 2022 blei det dessutan påvist at delar av den rømte fisken var smitta med ein smittsam sjukdom, noko som i tillegg aktualiserte risikoen for sjukdomsspreiing til villfisk.

Større rømmingar frå oppdrettsanlegg skjer relativt sjeldan, men kvar hending kan få betydelege konsekvensar. Det heng saman med at talet på oppdrettslaks er vesentleg høgare enn talet på villaks. Ved rømminga i Sognefjorden i 2022 forsvann om lag 35 000 oppdrettslaks frå anlegget. Det utgjer meir enn ti prosent av det samla talet på villaks som gytte i norske elvar i 2024. Enkelthendingar med stor rømming får innverknad langt utover det lokale området der dei skjer.

3.4.2 Snøscooterkøyring i utmark uroar sårbart dyreliv

Ulovleg motorferdsel i utmark er eit tilbakevendande problem fleire stader i politidistriktet. Statens naturoppsyn og politiet har dei siste åra registrert auka aktivitet knytt til ulovleg snøscooterkøyring. Slik ferdsel kan uroe fugle- og dyreliv, særleg i periodar når artane er ekstra sårbare for menneskeleg aktivitet. Politiet har informasjon om at det einskilde stader er etablert miljø som organiserer ulovleg køyring og unndreg seg kontroll.

3.5 Truslar og vald

Vest politidistrikt handterer årleg ei rekkje trussel- og valdssaker med personar som har ulik relasjon til kvarandre og med varierande alvorsgrad. Sakene omfattar både vald og truslar i nære relasjonar og tilfelle der partane har liten eller ingen tidlegare tilknyting til kvarandre. Konsekvensane for dei utsette varierer òg betydeleg. I dei mest alvorlege sakene er utfallet tap av liv. Dei siste fem åra har det vore mellom eitt og fire drap årleg i politidistriktet. I 2025 blei det registrert to drap, og talet er det same så langt i 2026. Størsteparten av valdshendingane fører likevel ikkje til varige fysisk mèn hos dei fornærma[5]. Dei psykiske konsekvensane kan likevel vere alvorlege.

Etter fleire år med auke gjekk talet på registrerte trussel- og valdssaker noko ned i 2025. Årsakene til utviklinga er samansette, men ein mogleg medverkande faktor kan vere at politiet i større grad har teke i bruk førebyggjande tiltak som kontaktforbod, besøksforbod og i enkelte tilfelle valdsalarm i saker med risiko for gjentatt vald.

3.5.1 Partnar- og familievald

Omfanget av registrerte trussel- og valdssaker mellom partnarar og ektefellar har auka over fleire år. Utviklinga kan sjåast i samanheng med endringar i politiet sine retningslinjer for å opprette sak, samt auka merksemd og endra praksis hos samarbeidande instansar som skule, barnevern og helse- og omsorgstenester[6]. Auken i 2025 var i stor grad knytt til brot på besøksforbod gitt som følgje av truslar eller vald i nære relasjonar.

Gjerningspersonane er i hovudsak menn, og mange har utfordringar med rusmiddelbruk, psykisk uhelse eller begge delar. Nokre utøver vald eller truslar mot fleire fornærma over tid. Vald i nære relasjonar rammar ikkje berre den direkte valdsutsette. I mange saker blir barn sjølv anten utsette for vald eller er vitne til vald mellom foreldra.

Familie- og partnarvald er truleg eit kriminalitetsområde prega av store mørketal. Mange valdsutsette ønskjer ikkje å medverke i straffesaka eller nektar for forholda når politiet tek kontakt. Politiet får av den grunn

Er du, eller nokon du kjenner, utsett for partnervald?

Sjå nettsida til politiet
Hvor lite skal du finne deg i?

Meld frå om forholdet til
din lokale politistasjon.

Be om støtte og hjelp frå:

- Støttesenteret for kriminalitetsutsatte
- Fri rettshjelp
- Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresrelatert vold
- Ditt lokale krisesenter

Blir du kjent med tilfelle av partnervald gjennom jobben?
Her kan du lese om opplysningsplikt og avvergingsplikten.

[5] Over 60 prosent av valdssakene registrert i 2025 var koda som kroppskrenkelse (straffelova §271), som har den lågaste strafferamma av valdslovbrota.

[6] Riksadvokaten. 2023. Rundskriv nr. 2/2023. Om vold i nære relasjoner. Hentet fra: https://www.riksadvokaten.no/wp-content/uploads/2024/12/Rundskriv-2-2023-vold-i-naere-relasjoner.pdf

kunnskap om hendingar gjennom meldingar frå barnevernet, helsevesenet, skular eller andre offentlege instansar som er i kontakt med dei involverte.

3.5.2 Offentlege tenestepersonar vert utsett for vald på jobb

Nasjonale undersøkingar viser at tilsette i helse-, omsorgs- og undervisningssektoren jamleg blir utsatt for vald og truslar i på jobb[7]. Mange av hendingane er av mindre alvorleg karakter og blir av den grunn ikkje meld til politiet. Sjølv om den einskilde hendinga ikkje får alvorlege konsekvensar, kan gjentekne episodar over tid føre til vesentleg belastning for den tilsette. Slike erfaringar kan påverke både trivsel, helse og opplevd tryggleik på arbeidsplassen.

3.5.3 Utelivet er ein arena for vald

Kveld og nattetid i sentrum av byar og større tettstader kan vere travle for politiet, med valdshendingar og ordensforstyrringar. Samstundes indikerer både undersøkingar og politiets informasjonskjelder auka bruk av kokain i utelivet[8] - eit rusmiddel som, når det kombinerast med alkohol, vert knytt til valdeleg åtferd[9].

3.6 Seksuallovbrot

Seksuallovbrot omfattar krenkande oppførsel av seksuell karakter, deling og oppbevaring av seksualiserte bilete eller filmmateriale, samt overgrep utført anten fysisk eller digitalt. Dei fornærma er i all hovudsak unge kvinner og barn. Sakene med unge kvinner som fornærma er hovudsakleg i samband med fest og uteliv. I mange tilfelle er begge partar ruspåverka og har ein relasjon til kvarandre. Sårbare unge er involverer både som fornærma og gjerningspersonar i ein del saker.

I 2025 gjekk talet på saker om overgrep mot barn ned, medan talet på valdtektssaker med vaksne fornærma auka.

3.6.1 Vaksne skaffar seg handlingsrom til å utøve overgrep mot mindreårige

Når barn er utsett for seksuallovbrot har dei ofte ein relasjon til gjerningspersonen. Vaksne som skaffar seg handlingsrom til å utføre overgrep gjennom yrke eller verv, er framleis ei utfordring. For personar som ikkje tidlegare er domfelt, er handlingsrommet særleg stort. Samstundes ser ein at også domfelte blir gjengangarar og oppsøker arenaer der barn og unge oppheld seg. Vest politidistrikt får jamleg tips om personar som tek kontakt med barn på ein urovekkjande måte eller som har blotta seg på offentlege stader.

Utestengd

Ein mann vart utestengd frå Snapchat og TikTok etter at politiet fekk informasjon om at han brukte plattformene til å kontakte mindreårige. Han trua mellom anna ei mindreårig jente med valdtekt og hadde seksualiserte samtalar med sårbare mindreårige i sitt nærmiljø.

I alvorlege saker kan nettpatruljen oppmode tenestetilbydarar om å stenge ute brukarar frå plattformene, med for å førebyggje framtidig kriminalitet.

[7] https://www.falck.no/nyheter/vold-og-trusler-i-kommunal-sektor-arbeidsgivers-plikt-og-ansattes-hverdag/
[8] Føre Var nr. 1- 2026. KORUS Bergen
[9] https://www.oslo-universitetssykehus.no/fag-og-forskning/nasjonale-og-regionale-tjenester/nrapp/rus-og-avhengighet/fakta-om-rusmidler/kokain/#virkninger



Politiattest

Du må ha politiattest ved tilsetjing eller ved frivillige verv som inneber kontakt med barn. Dette gjeld mellom anna idrettslag, kulturskular og andre fritidsaktivitetar. Det kan òg vurderast å krevje ny politiattest med jamne mellomrom gjennom arbeids-forholdet eller engasjementet.

3.6.2 Barns digitale liv skapar handlingsrom for overgrep

Parallelt med den digitale utviklinga har seksuelle overgrep på nett auka i omfang og alvor. Informasjonsgrunnlagert er i stor grad basert på tips frå den amerikanske organisasjonen NCMEC (National center for missing and exploitet children), som fangar opp deling av seksualisert materiale på nett, og gjer lokalt politi kjend med informasjonen.

Vest politidistrikt får i underkant av 400 slike tips årleg og må vurdere kva tiltak som høver best i kvart tilfelle. Informasjonen viser at vaksne utnyttar at barn og unge er tilgjengeleg på digitale kommunikasjon- eller spelplattformer. Kontakt vert gjerne etablert på plattformene, før gjerningspersonen forsøker å flytte samtalen over til krypterte kommunikasjonsplattformer som Snapchat, Whatsapp eller Signal. I dei alvorlegaste tilfella vert svært unge barn manipulert til å produsere grovt overgrepsmateriale.

Om lag halvparten av tipsa gjeld tilfelle der både gjerningspersonen og den fornærma er mindreårige og ofte jamaldrande. I slike saker vert førebyggjande tiltak ofte vurdert som mest formålstenlege, og det vert ikkje nødvendigvis oppretta straffesak.
Vest politidistrikt har oppretta færre straffesaker basert på NCMEC-tips og dette kan vere éi av forklaringane på utflatinga i saksmengda dei siste åra.

3.6.3 Seksuell utpressing med økonomisk motiv veks

Dei siste åra har Vest politidistrikt, til liks med politiet elles i Noreg og andre land, observert ei kraftig auke av seksuell utpressing med økonomisk motiv, oftast referert til som sextortion. Omfanget og alvoret i fenomenet



Tips

Foreldre og føresette har ei sentral rolle i å lære barn og unge å setje grenser. Nettstaden «Hva er innafor?» kan nyttast som utgangspunkt for samtalar om frivillig sex, seksuelt press og overgrep.

Har du blitt utsett for overgrep? Då kan du få hjelp ved Overgrepsmottaket i Bergen og Førde eller ved din lokale legevakt.

Mistenkjer du at eit barn eller ein ungdom blir utsett for overgrep eller lokking på nett («grooming»)? Ta kontakt med politiet, eller send tips til Politiets nettpatrulje Vest via Facebook eller Instagram.

har ført til at FBI omtalar sextortion som "den skjulte pandemien"[10].

I dei fleste tilfella er dei fornærma unge menn som blir lurt til å tru at dei kommuniserer med ei jamaldrande kvinne på digitale kommunikasjonskanalar. Etter å ha delt seksualisert materiale av seg sjølve med motparten, blir dei truga med at materialet vil bli delt med familie og vener dersom dei ikkje etterkjem krava. Krava kan vere å sende meir seksualisert materiale, men oftast dreier det seg om betaling gjennom internasjonale betalingstenester eller kryptovaluta.

Den siste tida har Vest politidistrikt òg registrert fleire tilfelle der kunstig intelligens er nytta til å generere seksualisert materiale basert på bilde henta frå sosiale medium. Kripos har identifisert nær 1900 norske fornærma i perioden frå januar 2023 til oktober 2024, men for denne kriminalitetstypen er det særleg grunn til å tru at mørketala er store.

Utpressarane er profittmotiverte kriminelle aktørar med varierande grad av organisering og profesjonalisering. Det er kjent at mange har tilhald i Afrika og Asia, men Vest politidistrikt kjenner òg til norske einskildaktørar som står bak utpressing av fleire titals fornærma[11]. Kriminaliteten er i stor grad mogleggjord av teknologisk utvikling, og det er grunn til å vente at trusselen vil utvikle seg i takt med vidare framsteg innan kunstig intelligens, krypterte kommunikasjonskanalar og avansert anonymiseringsverktøy.

Har du blitt utsett for sextortion?

- Bryt kontakten med utpressaren, men prøv å sikre samtalelogg og anna informasjon.
- Ikkje betal pengekrav
- Ta kontakt med politiet
- Oppdagar du at materialet er spreidd, rapporter til plattforma det er delt på og meld til politiet
- Vær bevisst på kva du legg ut i sosiale media
- På nettsida Stop non-consensual intimate image abuse kan du registrere bilde som har hamna på avveie. Bilda får då eit digitalt "fingeratrykk" som nyttast til å fjerne bildet frå ei rekkje nettsider og SoMe-plattformer

[10] Politiet (2026) Etterretningsrapport: Seksuell utpressing med økonomisk motiv

[11] Kripos (2025) Etterretningsrapport: Seksuell utpressing med økonomisk motiv

3.7 Radikalisering

Politisk radikalisering inneber å akseptere eller støtte bruk av vald for å nå politiske, religiøse eller ideologiske mål. Vest politidistrikt får jamleg informasjon om personar og miljø med åtferd som tyder på radikalisering. Høgreekstremisme og islamistisk ekstremisme er mest omfattande. Såkalla antistatleg ekstremisme, motivert av ei førestilling om at staten er illegitim og jobbar mot innbyggjaranes interesser, ser likevel ut til å auke mest.

Utviklinga i ekstreme valdelege nettsamfunn har ført til at PST har innført ei ny ekstremismeform kalla «nihilistisk ekstremisme». Begrepet omfattar ein mindre, avgrensa del av dei ekstreme valdelege nettsamfunna. I disse nettverka fokuserast det på svært grov vold og masseskade og øydelegging av samfunnet. PST ser mindreårige som vert radikalisert og at grupper i nettverka dannar allianser[12].

Vel så mykje som tydelege religiøse eller ideologiske overtydingar ser mange radikaliseringstilfelle ut til å vere utløyst av psykisk uhelse, utanforskap og andre sårbarheitsfaktorar.

3.7.1 Fleire radikaliseringsbekymringar om mindreårige

Vest politidistrikt har over tid observert mindreårige som viser interesse for konspirasjonsteoriar og ekstremistisk eller valdsfremmande innhald. I 2025 og 2026 er denne tendensen tilsynelatande aukande. Ifølge politiets tryggingsteneste (PST) vert stadig yngre personar radikalisert gjennom digitale plattformer og spelplattformer. Her får dei tilgang til ideologisk innhald og fellesskap som tidlegare var lite tilgjengeleg for denne aldersgruppa. At det skjer digitalt gjer det

Er du bekymra for at nokon du kjenner kan være i ein radikaliseringsprosess?

- Ta kontakt med radikaliseringskontakten i Vest politidistrikt for å drøfte bekymringa di anonymt. Sjå kontaktinformasjon på politiet.no
- Tips Politiets tryggingsteneste på pst.no
- Send tips til politiet om bekymring for radikalisering, samt om hatefulle ytringar publisert eller delt på internett
- Rådfør deg med RVTS Vest. Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsforebygging. Dei har utvikla utveier.no for alle som søker kunnskap om førebygging av utanforskap og handtering av radikalisering og valdeleg ekstremisme

[12] PST: Oppdatert vurdering av ekstremismetrusselen https://www.pst.no/wp-content/uploads/2026/11/U-Oppdatert-vurdering-av-ekstremismetrusselen.pdf

vanskeleg å fange opp for foreldre og andre i miljøet til ungdommen. Samstundes kjenner Vest politidistrikt til mindreårige som er blitt påverka i høgreekstrem retning av vener, familie og andre nærståande.

Dei aller fleste mindreårige det er knytt radikaliseringsbekymringar til i Vest politidistrikt er gutar, heilt ned i 12-13 års alder. Fleire har samansette utfordringar knytt til utanforskap, psykisk helse eller kriminalitet.



Indikatorar på at ein person er i ein radikaliseringsprosess:

Ytringar og oppførsel

- Intoleranse for andre synspunkt
- Fiendebilete – oss, vi og dei
- Konspirasjonsteoriar
- Hatretorikk
- Sympati for absolutte løysingar, som avskaffing av demokrati
- Legitimerer vald
- Truslar om vald for å nå politiske mål
- Interesser/utsjånad/symbolbruk
- Appellerer til og søker etter ekstremistisk materiale på nett
- Endrar utsjånad, klesdrakt m.m.
- Nyttar symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisasjonar
- Sluttar på skulen eller fritidsaktivitetar m.m.

Aktivitetar

- Opptatt av ekstremisme på internett og i sosiale media
- Deltek på demonstrasjonar eller i samanstøyt med andre grupper
- Brukar truslar og vald som følge av ekstremisme
- Hatkriminalitet
- Reiseverksemd som kan føre til økt radikalisering og kontakt med ekstremistar

Vener og sosiale nettverk

- Endrar nettverk og omgangskrins
- Er saman med personar og grupper kjent for valdeleg ekstremisme
- Er saman med grupper der truslar, vald eller anna kriminell verksemd vert utøvd
- Er medlem i ekstremistiske grupper, nettverk og organisasjonar

3.7.2 Truslar om skuleskyting krev politiressursar

Dei siste åra har Vest politidistrikt gjentatte gonger blitt varsla om at det er fremma truslar om skuleskyting, enten skrive på veggar på skular eller på digitale plattformer. Gjerningspersonane er i hovudsak gutar i barne- og ungdomsskulealder. Truslane er i hovudsak vurdert som lite truverdige, og det er ikkje gjennomført forsøk på valdelege åtak som skildra i truslane.

Politiet må like fullt ta slike truslar på alvor, og hendingane har medført betydeleg ressursbruk. I periodar har det vore tendens til opphoping av slike tilfelle, samstundes som det kan gå mange månader utan at truslar vert registrert. Det tyder på at fenomenet har ein smitteeffekt, og Vest politidistrikt har difor vore tilbakehaldne med å dele informasjon om tilfelle i sanntid.

3.7.3 Sårbare unge vert rekruttert til ekstreme valdelege nettsamfunn

Dei siste åra har det vakse fram digitale miljø der vald vert glorifisert og skadeleg åtferd normalisert. Miljøa driv systematisk påverknad av sårbare born og unge. Slike miljø omtalast som ekstreme valdelege nettsamfunn (EVN).

EVN er i liten grad fundert på ideologi, men motivert av å spreie frykt, skade eller sosial de-stabilisering. Miljøa opererer hovudsakleg på lukka digitale plattformer og nyttar manipulasjon, sosial kontroll, truslar og press for å

Sjølvskading

Politiet blei kontakta av foreldra til ei 12 år gammal jente etter at dei oppdaga at dottera utsette seg sjølv for sjølvskading. Åtferda hennar hadde særleg forverra seg det siste halve året, med aukande grad av sjølvskading og utagering.

Over tid hadde jenta fått kontakt med ein person gjennom ei spelplattform. Etter kvart inviterte vedkomande henne inn i ei lukka gruppe på Discord. Jenta innleidde eit nettbasert forhold til personen og delte seksualiserte bilete og opplysningar om privatlivet sitt, mellom anna bustadadresse, skule og namn på foreldra.

Kort tid etter at kontakten vart avslutta, skal jenta ha prøvd å trekkje seg unna personen og gruppa. Ho skal då ha blitt truga med at dei seksualiserte bileta ville bli delte med familie og kjende dersom ho ikkje skada seg sjølv. Mellom anna skal ho ha blitt instruert om å skjere seg og skrive namnet til vedkomande med blodet sitt. Handlingane skulle dokumenterast og sendast tilbake. Personen skal også ha trua med å publisere namnet hennar, bustadadressa og andre personopplysningar i gruppa.

Undersøkingar av den digitale aktiviteten til den mistenkte tydde på at vedkomande òg hadde hatt kontakt med andre mindreårige. I fleire tilfelle skal han ha pressa barn og unge til sjølvskading og oppmoda enkelte til å ta sitt eige liv. Den mistenkte var truleg busett i eit anna land.

Teksten er basert på ei samanstilling av fleire saker som Vest politidistrikt har jobba med og som involverer ekstreme valdelege nettsamfunn

rekruttere og behalde medlemmar. Rekrutteringa skjer gradvis gjennom etablering av tillit, følgd av gradvis eksponering for meir ekstremt innhald og oppfordringar til kriminelle eller sjølvdestruktive handlingar. Handlingar vert dokumentert og nytta til vidare utpressing. Ungdom som er rekruttert kan også bli pressa til å rekruttere og sette nye ungdommar under press i såkalla "sirklar av misbruk".

Internasjonal forsking og fagmiljø peikar på at unge i utanforskap eller med psykisk uhelse er særleg sårbare for å bli rekruttert inn i slike miljø, i søken etter identitet, fellesskap eller spenning. Internasjonalt er det observert ein auke i hendingar knytt til slike miljø.

Vest politidistrikt har per midten av oktober 2026 opna etterforsking i ti saker der tilknyting til ekstreme valdelege nettsamfunn er sentrale hypotesar i etterforskinga. Det gjelder mellom anna valdtekt, grov tvang og seksuelt krenkande åtferd.

3.7.4 Minoritetar vert utsett for hatkriminalitet frå personar eller grupper med ekstreme politiske haldningar

Hatkriminalitet er straffbare handlingar motivert av hat mot personar som følgje av etnisitet, religiøs tilhøyrsel, seksuelle legning, kjønnsutrykk eller funksjonsevne. Mangfald langs desse aksane er i fiendebildet til både høgreekstreme og ekstreme islamistar.

Etnisk opphav, følgd av seksuell legning var dei vanlegaste motiva for hatkriminalitet i Vest politidistrikt i 2025. Størsteparten av tilfella handlar om hatefulle ytringar, men det er òg eit betydeleg omfang av truslar og valdsutøving. Dei fornærma er i alle aldrar frå små born til eldre, med eit tyngdepunkt blant ungdom og unge vaksne.

3.7.5 Globale konfliktar reflekterast i lokale spenningar

Vest politidistrikt erfarer at auka globale konfliktar har lokale konsekvensar i form av spenning mellom grupper av befolkninga. Arrangement og markeringar som kan relaterast til konflikten mellom Israel og Palestina ber med seg potensial for uønskte hendingar og har i nokre tilfelle kravd auka innsats frå politiet.

Meir nyleg har innbyggjarar med opphav som flyktningar frå Iran opplevd å få truslar, anten mot seg sjølv eller mot familiemedlemmar i heimlandet. Fleire kjenner på ei utryggheit som følgje av at dei har ytra seg kritisk om regimet i heimlandet.

POLITIET

Politiets trusselvurdering
Vest politidistrikt

Utgiver: Politiet
Publisert: 23. november 2026
politiet.no/trusselvurdering